



Jim Robertsen v/Roald Robertsen  
Maråsvegen 36  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3015 - 18/27795

Saksbehandlar:  
Einar Rydland  
EIR@lindas.kommune.no

Dato:  
11.09.2018

## Gbnr 89/10 Haugsmyr - Svar på klage av 22.08.18

Det vart 17.10.2017 gjennomført grensegang for Gnr 89 bnr 10, dette var nødvendig då det er påvist store feil ( sjå vedlagt kart) på denne eigedomen.Gnr 89 bnr 10 er frådelt frå Gnr 89 bnr 6 og skylddelt 13.08.1949 og naboeigedom Gnr 89 bnr 17 frådelt frå Gnr 89 bnr 6 og skylddelt 17.09.1966. I skyldskifte for Gnr 89 bnr 10 har linja A-B i vedlagt kart eit mål på 30,0 meter og i skyldskifte for Gnr 89 bnr 17 har linja C-D i vedlagt kart eit mål på 34,0 meter til saman 64,0 meter mellom A-C.

Pkt A merkestein og pkt C x i fjell er no innmålt med GPS og mellom desse punkt vert det då flatt mål på 63,03 meter. I same forretning vart det framlagt av eigar av Gnr 89 bnr 6 at mellom eigedomane Gnr 89 bnr 10 og Gnr 89 bnr 17 skulle vera ca. 1,0 meter for passasje for hovedbruket.Partane var samde om dette, men passagen er ikkje nemnd i skyldskifte for Gnr 89 bnr 10 og Gnr 89 bnr 17.

I ettertid vise det seg at avstand A-B flatt mål er etter oppmåling 28,74 meter derdet i skyldskifte er målt 30,00 meter og avstand B-C er flatt mål 33,60 meter der det i skyldskifte er målt 34,0 meter.

Eigar av Gnr 89 bnr 10 har påvist i ettertid 2 kamstål som er nedsatt av tidligare eigar og at partane har vert enige om at dette er ca.retning på grenseforløpfor Gnr 89 bnr 10. Lagar ein krysspunktmellom linja for dei nemde kamstål og linja A-B vert linja A-B flatt mål 29,73 meter.Eigar av Gnr 89 bnr 10 krev at avstand mellom A-B vert retta opptil tilnerma 30,00 slik det er nemd i skyldskifte av 13.08.1949.

Løysing er at partane må verta enig på plassen,dette gjeld Gnr 89 bnr 10,Gnr 89 bnr 17 og Gnr 89 bnr 6.

Eigedom Gnr 89 bnr 10 skylddelt 13.08.1949 vart målt til den gong 30,0 meter for linja A-B , men skylddelinga for Gnr 89 bnr 17 skylddelt 17.09.1966 for linja C-B vart målt 34,0 meter,medan ein ikkje tok hensyn tilden avstand på 1,0 meter som skulle vera mellom Gnr 89 bnr 10 og Gnr 89 bnr 17 til bruk for hovedbruket Gnr 89 bnr 6.

Dersom begge partar Gnr 89 bnr 10 og Gnr 89 bnr 17 står på for dei nemde avstandar i skyldskifte av 1949 og 1966 er det ikkje plass til 1,0 meter mellom eigedomane for Gnr 89 bnr 6. Visst ein ikkje kjem til einighet må ein la Jordskifteretten eller Tingretten ta saka.

Dette skriv vertsend til alle berørte partar. Visst partane er villig kan ein gjennomføra ein ny oppmålingsforetning på staden, men det forutset at partane vert enige om ei løysing. Kommunen kan ikkje tvinga fram ei løysing.



Med helsing

Tommy Veland  
avdelingsleiar

Einar Rydland  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bjarne Træland	Trælandsvegen 294	5956	HUNDEVIN
Jim Robertsen v/Roald Robertsen	Maråsvegen 36	5956	HUNDEVIN
Åsmund Fjellanger	Gullstøllien 8	5153	BØNES